

Årsmelding

Helgheim sokneråd 2019



HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2015- okt. 2019

Rådet har vore samansett av:

- Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar
 - Inger Veiteberg, nestleiar
 - Inger Birgitte Flatjord Kjøsnæs, skrivar
 - Erna Dvergsdal Krøke
 - Svein Årdalsbakke
 - Karin Helgheim
- Sokneprest Silje Sørebo

vara:

- Steinar Dvergsdal
- Anne Sofie Fonn Nilsen
- Elsa Norunn Håheim Nydal
- Anders A. Førde
- Helge Steinar Årdal

Medlemmer til Jølster kyrkjelege fellesråd 2015 - 2019:

Steinar Dvergsdal og Karin Helgheim

HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2019-okt.2023

- Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar
 - Svein Årdalsbakke, nestleiar
 - Steinar Dvergsdal
 - Hildegunn Huus
 - Maria Sture, skrivar
 - Britt-Jannicke S.Lundal
- Sokneprest Silje Sørebo

vara:

- Erna Dvergsdal Krøke
- Brita Maria Distad
- Norvald Nedrebø
- Annbjørg Ripe
- Øyvind Magnus Solheim

Meldemmer til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2020 -2023

Astrid Aardalsbakke Feldt, - vara: Hildegunn Huus Helgheim sokn
Merete Helgheim, - vara: Marta Fimreite Ålhus sokn

Rådet sitt arbeid

Helgheim Sokneråd har handsama 31 bokførde saker. Vi har hatt 8 møte saman med Ålhus sokneråd og handsama 50 bokførde fellessaker.

Av saker i 2019 nemner vi:

- Medarbeidarfest
- Arrangement i høve bokåret 2019
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Kyrkjelydstur til Urnes stavkyrkje
- Parkeringstilhøve ved kyrkja i samband med ny E39
- Dugnad på vask av kyrkja
- Nye golvteppe i kyrkja
- Fjerning av benkar bak i kyrkjerommet
- Kyrkjevalet i 2019
- Samanslåing av fellesråda i nye Sunnfjord kommune og besøk av kyrkjeverje for det nye fellesrådet: Inger Hageberg

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudstenesteplanar, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, konfirmantfest, 50-årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m.

50-årskonfirmantane har det praktiske arbeidet med mat og sosial samling. Helgheim sokneråd syter for ei nemnd av konfirmantane, som organiserer jubileet. Soknerådet syter for kyrkjekaffi.

Arbeid i soknet

Gudstenester i Helgheim kyrkje

Gudstenestene er det sentrale og samlande arbeidet i kyrkjelyden. Ved dåp deltek fadrane aktivt bl.a. med skriftlesing. Konfirmantane har teke del i liturgien, ved forbøna, tekstlesing eller evangelieprosesjon i lag med presten, eller ved utdeling av salmebøker og ved kyrkjekaffi. Soknerådsmedlemmane gjer ei god innsats ved gudstenester. Dei deler på å vere kyrkjevert og ordnar med kyrkjekaffi til dei fleste gudsteneste. Dette gjev kyrkjegjengarar mogelegheit til å stanse og prate etter gudstenesta. Ei lita forsongargruppe hjelper til å forsterke salmesongen i gudstenesta. Her er det alltid rom for at fleire kan vere med. Vi har denne hausten vore så heldig at vi har klokkar som har sagt seg villig til å stille frivillig ved gudstenestene. Både Maria Sture og Karen Elise Erikstad har stilt opp jamleg og dette set vi stor pris på.

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak (sjå nedanfor under trusopplæring).
- gudstenester i grendahusa i Stardalen, Førse og på Myklebust
- Friluftsgudsteneste på Hamnanova 2. pinsedag
- Folkemusikk-gudsteneste i Kjøsneshegen
- høgmissa påskedag samla alle konfirmantane i Jølster med familiar. Tradisjonen tru var det også dette året påskeplask

- samtalegudstenesta for konfirmantane både i Ålhus sokn og Helgheim sokn er lagt fast til Vassenden kyrkjesenter. Like etter gudstenesta lagar sokneråda, i samarbeid med foreldra til fjorårskonfirmantane og soknepresten, til fest for konfirmantane.
- Generasjonsgudsteneste i august. Alle over 80 år fekk spesiell invitasjon. Kyrjekaffi i midtgangen.
- gudsteneste med konfirmantpresentasjon og jubileum for 50 års – konfirmantar
- Første søndag i advent var det lysmesse med deltaking av konfirmantane og speidarane
- gudstenester før jul for skulen og julevandring for barnehagane
- andakter og nattverdsgudstenester på omsorgssenteret (ca. 1 gong i månaden)

Når det gjeld andaktene på Skei omsorgssenter har det vore ei gruppe med frivillige som har vore hjelparar ved andaktene, både med å følgje dei til og frå stova og vere med i løpet av andakta. Det er veldig flott at det er nokon som vil bidra med dette.

Elles kan det nemnast at det har vore opa kyrkje og tidebøn på Vassenden kyrkjesenter kvar tysdag frå slutten av oktober. Tidebøna har vore kl 11, med ein kort liturgi (gjerne bønner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) og orgelmusikk. I haust har vi også hatt kaffi/te med noko attåt, i etterkant av tidebøna

Anna arbeid/andre arrangement i regi av soknet

- Fest for frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden på Vassenden kyrkjesenter i samarbeid med Ålhus sokneråd. Janne Karin Støylen kåserte.
- Fasteaksjonen
- Kyrkjelydstur til Urnes stavkyrkje (i samarbeid med Ålhus sokneråd)
- Juletreffest på Skei misjonshus 3. juledag
- Kveldssete om bibel og bygdeliv i Myklebust grendehus i Oktober. Det var foredrag om Bibelen med forfattar Alf Kjetil Walgermo og diverse lokale bidragsytarar. Arrangementet blei arrangert i samarbeid med Ålhus sokneråd, biblioteket/ Rom for ord i samband med Bokåret 2019.
- Litterært gjestebod i prestegarden på Ålhus i etterkant av teaterframsyninga «Babettes gjestebod». Gjestebodet vart arrangert i samarbeid med Ålhus sokneråd og biblioteket i Jølster/ Rom for ord. Arrangementet var ein del av bokåret 2019.
- Helgheim sokn har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap. Vi støttar eit prosjekt som handlar om å betre kvinners levevilkår i Etiopia. Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut ved utgangen i 2019 og då vil soknerådet gjere nytt vedtak om misjonsavtale.
- Helgheim sokn er Grøn kyrkjelyd.

Arrangement i regi av andre

- Jazz på jølst- konsert i november i Helgheim kyrkje
- Julekonsert i desember i Helgheim kyrkje, ved Dan Mikal Ripe Frøystad

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Helgheim sokn har

- Søndagsskule i Haugtun i Stardalen ca. 1 gong i månaden, leia av Inger Veiteberg. Det har vore opptil 8 barn og nokre vaksne på desse samlingane.
- Torsdagsklubb på misjonshuset Skei (søndagsskule på kvardag) med Vidar og Astrid Feldt som leiarar. På søndagsskule og torsdagsklubb er det bibelforteljing, song, formingsaktivitet og leik. Konfirmantar hjelper til. Torsdagsklubben har no ein oppsving, og det kan vere mellom 20 og 30 barn samla på ein torsdag.
- Barnesong annakvar veke i Ålhus kyrkje. I vår var dette på tilbodet på mandagar. No i haust har det vore på torsdagar. Dette er eit tilbod for heile Jølster, men det har ikkje vore born frå Helgheim etter sommaren. Ca 15 born frå Ålhus og Helgheim sokn har vore med. Ellen Svidal og Silje Sørebo har leia dette. Inger Lind Aasen spelar piano til.
- Speidargruppe på Skei (Jølster KFUK-KFUM-speidarar). Hovudleiar for gruppa er Mona Årdalsbakke. Andre leiarar er Svein Årdalsbakke, Åse Britt Eide Øygard, Dagrund Thingnes, Stian Årdalsbakke, Kari Skrede, Nils Einar Kjøsnæs, Karl Martin Loe Reed, Inger Anne Husevåg (delvis permisjon), Marte Dvergsdal (delvis permisjon). Speidargruppa på Skei har no ca. 90 medlemmer. Det er stor aktivitet og samlingar kvar onsdag, om det ikkje har vore tur i helga
- Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er svært viktig for kyrkjelyden og for nærmiljøet. Leiarane legg ned ein formidabel innsats og mange av dei har stått i dette arbeidet gjennom lang tid. Speidargruppa har kommunisert til soknerådet at dei med så mange medlemmer og med så høg aktivitet, gjerne kunne hatt fleire leiarar. Om du sjølv kunne tenkje deg eller kjenner andre som kunne vore utfordra, må du gjerne melde frå til nokon av speidarleiarane.

Tidsavgrensa tiltak

Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod

Prestane gjennomførte dåpssamtalar med alle dåpsforeldre.

Alle døypte får dåpslys, dåpsplakat og dåpsforeldra får ei dåpsbok for foreldre som heiter Arvegull. I kyrkja har vi fått eit dåpstre, der vi heng opp ein liten tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Alle babyar har vorte invitert til babysong. Babysong har vore på Vassenden kyrkjesenter annakvar torsdag, og soknepresten har leia samlingane, medan Inger Lind Aasen og Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat. Dette tilbodet er felles for heile Jølster.

2, og 3 –åringar frå heile Jølster vart invitert til «Trygg til natta»-gudsteneste på Skei misjonshus i januar. Det var fokus på kveldsbøner og kveldssongar og vi åt kveldsmat i lag.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var det laurdagssamling på Skei misjonshus og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest i Ålhus kyrkje. 5-åringane vart oppfordra til å ta med seg grønsaker til kyrkja og gå inn i prosesjon i starten av gudstenesta. Etter gudstenesta var det grilling og aktivitetar i prestegardshagen i regi av Kransen 4H. Vi takkar 4H for samarbeidet og eit flott arrangement.

Samlingane for 6-åringar med utdeling av 6-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var det ei samling på morgonen før gudsteneste i november. 6-åringane fekk ulike oppgåver i gudstenesta der dei også fekk utdelt bok.

Seks- og sjuåringane fekk eiga innbyding til juletreffesten på Skei misjonshus.

8-åringar vart Før påske invitert til ein påskesamling på dagtid når det var elevfri dag på skulen. Samlinga var Skei misjonshus og på uteplassen til speidargruppa. På palmesøndag vart dei same barna invitert til familiegudsteneste i Helgheim kyrkje i lag med 8-åringane frå Ålhus sokn. Dei fekk du utdelt barnesalmeboka.

Tårnagenthelga for alle niåringar i Jølster var tradisjonen tru i Helgheim kyrkje. Tårnet og kyrkjeklokkene er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag. Tårnagentar, senioragentar, englevakter, bakarar og fleire med meir eller mindre hemmelege oppdrag deltok.

10-åringar vart invitert til to kvardagssamlingar (kode –B) på Skei misjonshus og utdeling av «Den levande boka» i familiegudsteneste i Helgheim kyrkje.

Alle 10 og 11-åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter. Det var overnatting frå laurdag til søndag, og barna deltok på gudstenesta på søndagen i lag med foreldra. Speidarleiarar var med og hjalp til, i tillegg til foreldre og nokre ungdommar frå Vassenden.

Frammøte på dei ulike tiltaka er varierende. Kyrkja konkurrerer med mykje anna aktivitet. Gledeleg var det i år at 30 barn meldte seg på Lys Vaken leir på Vassenden kyrkjesenter. Oppmøte på babysong har også tatt seg opp. Her kan det komme frå 6 til 12 vaksne med barn kvar gong.

Når det gjeld konfirmasjon har oppslutninga vore over 100% av dei døypte. Nytt i konfirmantopplegget dette året, var at det i mars vart arrangert konfirmantleir på Alværa for alle konfirmantane i Jølster. Leiren var arrangement i samarbeid med Det norske misjonsselskap, og det var gode tilbakemeldingar på denne leiren frå konfirmantane.

I august, veka før skulen, vart det, som i 2018, arrangert introkurs for nye konfirmantar. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var både på Vassenden kyrkjesenter, Skei misjonshus, Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilgrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. I oktober var dei på nattcup og dei deltok med førebuingar og gjennomføring av lysmesse 1. søndag i advent. Elles har konfirmantane valt ein aktivitet i kyrkjelyden som dei skal vere med på i løpet av året. Dei er enten med på speidar på Skei eller klubb på Vassenden kyrkjesenter. Dei hadde også tilbod om kor, men ingen valte dette. Det har vore klubb ca. 1 gong i månaden denne hausten slik det også var for konfirmantane våren 2019. Konfirmantane er også medhjelparar ved gudsteneste og ved torsdagsklubb og søndagskule. Foreldre hjelper også ved dette kullet til med servering av mat ved samlingar. No denne våren ventar m. a. konfirmantleir på Alværa der nokre av fjorårskonfirmantane blir med som medhjelparar.

Nytt i 2019 var at det også vart arrangement reunion i desember for dei som var konfirmert våren 2019. Ein stor del av kullet møtte opp til taco, leik, prat og allsong frå konfirmanttida.

Trusopplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, foreldre, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet.

Representantar i trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn er Inger Birgitte Kjøsnes, Karen Elise Erikstad, Silje Sørebo, Rune Molvik og Ute Lindner.

Skei Misjonshus

Misjonshuset er viktig for det frivillige arbeidet i soknet og er i praksis Helgheim sokn sitt kyrkjelydshus. Soknerådet vel to medlemmer til styret, med to vararepresentantar. I 2019 var dette Vidar Feldt, med vara Inger Veiteberg og Åse Britt Eide Øygard, med vara Kari Skrede

Kyrkjemusikalsk arbeid

Også dette året har det vore deltaking av solistar i samspel med organisten i høve gravferd, ulike gudstenester og ved bryllaup. Dette er med å sette høgtid og fest over samlingane i kyrkja.

Vi har hatt deltaking med ekstra songkrefter i nokre av gudstenestene. Og i romjulgudstenesta deltok SkeiVass-koret med song. Takk til dei for at dei stiller på. Ei nyvinning for julekonserten i år var dei unge si deltaking. Dette må vi sette pris på, for dei unge er framtida for julekonserten i bygda!

I 2019 var det tid for jubileum for orgelet i Helgheim. 40 år har gått sidan instrumentet kom på plass i Helgheimskyrkja. Det meste av dei innsamla midlane vart gjort av folket i soknet til denne store investeringa i 1979. I dei 40 åra orgelet har fått gjort teneste, har tonane gitt folket trøyst og glede når kyrkjelyden har vore samla. Jubileumskonserten som skulle vere søndag 15. september måtte avlysast grunna uvør og stengde vegar. Konserten blei utsett til søndag 17. november. Mange ulike aktørar var med, frå akkordeon, solosong, og piano i samspel med organisten. Det vart også urframført eit musikkstykk for orgel og akkordeon. Mykje folk hadde tatt vegen til orgel jubileet.

HYRDINGRØYSTA

Redaksjon: Hallstein Dvergsdal, Hildegunn Huus og Bjørg Dvergsdal

Kasserar: Nils Klakegg

Soknerådet vil takke alle for godt utført arbeid.

I haust har frivillige hjelpt til med ombering av bladet, for å spare porto. Dette har sikra økonomien i bladet.

RESULTAT 2019 – HYRDINGSRØYSTA

	Inntekter	Utgifter
Bladpengar	Kr 109.100,00	
Trykking		Kr 29.250,00
Reklame	Kr 27.000,00	
Porto		Kr 13.669,50
Minnegåve	Kr 4.000,00	
Offer	Kr 8.114,00	
Gebyr		Kr 51,00
Kontor		
Premie		
Refusjon løn		Kr 39.000,00
Renter	Kr 24,00	
	Kr 148.238,00	Kr 81.970,50
Overskot		Kr 66.267,50
	Kr 148.238,00	Kr 148.238,00

BALANSE REKNESKAP 2019

Saldo pr 01.01.19	Kr 27.348,77	
Sum omsetnad	Kr 148.238,00	Kr 81.970,50
Saldo pr 31.12.19		Kr 93.616,27
	Kr 175.586,77	Kr 175.586,77

Faktura for trykking av nr 3 og nr 4 2019 på tilsaman kr. 29.250,- fekk eg på mail etter nyttår, så dei blei betalt i januar og kjem difor med på rekneskapen for 2020.

Kr. 7.000,- av det som kom inn på reklame er frå 2018

Vassenden, 07.01.20

Nils Klakegg

VASSENDEN 16.01.2020
REKNESKAPEN ER REVID
ALT OK.
NOROLV ÅRDAL

Statistikk

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Helgheim sokn								
Innmelde i kyrkja	1	0	0	1				
Utmelde av kyrkja	0	0	0	6				
Døyppte	18	20	17	16	11	12	17	17
Døyppte heimehøyrande i soknet	12	18	13	12	9	9	8	9
Vigde	1	2	5	3	2	3	3	3
Gravlagde	17	14	11	15	16	24	18	14
Konfirmerte	16	11	16	12	11	14	11	19
Tal gudstenester søn- og helgedagar	35	37	36	40	38	35	37	31
Deltakarar på gudstenester	3300	3347	3500	3144	3029	2885	3092	3413
Gudstenester med nattverd	14	15	14	24	18	13	23	21
Nattverdsgjester	290	311	383	739	453	365	509	765
Familiegudstenester	7	7	7	5	6	6	5	5
Deltakarar	524	603	436	462	828	711	638	460
Julevandring for barnehagane	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	50							
Skulegudsteneste	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	150	180		151	138			
Musikk gudstenester	2	1	3	1	2	2	1	2
Deltakarar	500	300	130	380	420	310	245	291
Soknebod	4	0	2	2				
Offer / kollekt i kyrkja	104251	100825	100716	106088	83849	104973	108718	102261

Bygg og Anlegg

Kyrkjegarden er godt vedlikehalden. Takk til alle som steller gravene. Driftsleiar Helge Årdal og sommarhjelparane har gjort eit godt arbeid. Vi får stadig gode tilbakemeldingar på at kyrkjegarden er velstelt.

Større arbeid utført i 2019:

- Nytt uthus
- Måling av kyrkja
- Nytt teppe
- Opparbeiding av nytt parkeringsareal



Regnskapsskjema - Drift

2 Jølster kyrkjeleg fellesråd - 2019 - Ansvar: 400 Soknerådsleiar Helgheim 04.02.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Refusjoner/overføringer	962,71	0,00	0,00	0,00
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Støttelike tilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	1.579.896,43	130.000,00	130.000,00	213.023,34
Sum driftsinntekter	1.580.859,14	130.000,00	130.000,00	213.023,34
Utgifter				
Lønn og sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tjenester	18.568,65	20.000,00	20.000,00	19.874,09
Refusjoner/overføringer	44.973,71	27.000,00	27.000,00	125.444,82
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd og gaver	123.168,00	105.000,00	105.000,00	110.114,00
Sum driftsutgifter:	186.710,36	152.000,00	152.000,00	255.432,91
Brutto driftsresultat:	1.394.148,78	-22.000,00	-22.000,00	-42.409,57
Renteinntekter og utbytte	11.101,00	7.000,00	7.000,00	6.926,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og låneomkostn.	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/utgifter	11.101,00	7.000,00	7.000,00	6.926,00
Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto driftsresultat	1.405.249,78	-15.000,00	-15.000,00	-35.483,57
Interne finansieringstransaksjoner:				
Bruk av utdisponert fra tidl. år (overskudd)	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	34.779,75	10.000,00	10.000,00	120.444,82
Sum bruk av avsetninger	34.779,75	10.000,00	10.000,00	120.444,82
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	218,75	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	1.443.208,53	10.000,00	10.000,00	85.180,00
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	1.443.427,28	10.000,00	10.000,00	85.180,00
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKI)	0,00	0,00	0,00	0,00
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUD)	3.397,75	15.000,00	15.000,00	218,75

Førde 04.02.2020

Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

Helgheim sokn - balanse 2019				
Konto		Spes		Rekneskap 31.12.2019
51020020	Bankkonti	1340	Helgheim sokn, 3703.20.12311	321 614,62
51020021	Bankkonti fond	1341	Anne Marie Sunde minnefond 3703.10.22291	1 406 227,53
51375002	Kundefordringar (ma	1421	Kundefordring Helgheim	12 861,71
53299001	Leverandørgjeld (ma	1411	Lev. gjeld Helgheim sokn	-10 275,00
55199700	Bundne driftsfond	7046	Anne Marie Sunde minnefond (Helgheim)	-1 406 227,53
55199700	Bundne driftsfond	7040	Fond Helgheim sokn	-261 844,91
55199700	Bundne driftsfond	7042	Fond, messehakel	-28 982,00
55199700	Bundne driftsfond	7043	Fond, Helgheim blomfond	-36 772,17
55900000	Meirforbruk	1450	Meirforbruk Helgheim sokn	3 397,75
				0,00

Tilsette

Sokneprest Silje Sørebo (Gjekk ned i 50% stilling frå august 2019, og har fått innvilga 50 % permisjon for to år), prest Carsten Langeland (vikar for Silje i 50% og har mellom anna hovudansvar for konfirmantane). kantor Rune Molvik, kyrkjeverje Trond Herløvsund, trusopplærar/ kyrkjelydspedagog Ute Linder, driftsleiar Helge Årdal, sekretær Toril Øye og kyrkjetenar Janne Molvik, har alle gjort ein stor og god innsats for kyrkja. Takk for godt arbeid!

Sluttord

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Vi set pris på frammøtet i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Vi er glade og takksame for at vi dette året har fått på plass ny hovudløpar, nytt teppe i våpenhuset og nye tepper bak i kyrkja. Biskopen gav i haust klarsignal for at vi kunne ta vekk nokre benkar bakerst i kyrkja. Dette gjer det lettare med plass til kyrkjekaffi og det gjev betre plass til m.a. barnevogner. Vi er også glad for å ha fått montert glasmonter bak i kyrkja, slik at dei fine messehaklane kan pryde kyrkjerommet.

Helgheim sokneråd vil takke alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid. Ei stor takk og til dei som har gitt pengegaver til kyrkjelege formål.

Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Helgheim sokn.

*For Helgheim sokneråd –
Astrid Aardalsbakke Feldt*